

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref: 202419926-3

Vår ref: 2026/44695

Dato: 20.02.2026

Uttale - Høyring av detaljplan - Dam Moldevatn - Molde kommune

Viser til brev 10. februar 2026 med referanse 202419926-3 der saka dreier seg om rehabilitering av Dam Moldevatn i Molde kommune.

Mattilsynet er eit statleg sektormynde for fagområda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans er det vår oppgåve å bidra til å vareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltingsområde.

Saka gjeld

Molde kommune ønskjer å auke leveringssikkerheita for drikkevatn i kommunen, og vil gjere det ved å auke magasinkapasiteten i Moldevatn. Kommunen har behov for å kunne ta ut meir vatn i tørre år. Moldevatn er allereie regulert mellom 338,1 - 343,6 moh., og kommunen har no fått konsesjon til å senke nedre reguleringsgrense (LRV) med 8,1 m til 330 moh. Dei nye konsesjonsvilkåra blei gitt av NVE 22. august 2024.

Vurdering

Vi har vurdert saka ut i frå omsynet til drikkevatn, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmiddel.

Når det gjeld drikkevatn ser vi at dette blir godt ivaretatt. I anleggsperioden skal det ikkje nyttast vatn frå denne kjelda. Moldevatnet ligg i eit eige nedbørsfelt og vil difor ikkje påverke dei andre drikkevasskjeldene aust for tiltaket.

Vi ser óg at det skal nyttast siltgardin for å hindre spreining av finstoff. Dette er eit viktig og godt tiltak for å unngå at turbiditeten i vatnet aukar under arbeidet.

Vi minner om at det ikkje er lov å spreie planteskadegjerarar og ugras. Vi viser til rettleiar som finns på heimesida vår:

: [Hvordan unngå å spre planteskadegjørere og ugras ved anleggsarbeid og flytting av jord | Mattilsynet](#)

Vår uttale/konklusjon

Vi kjenner ikkje til andre forhold som vil påverke våre forvaltningsområde i denne saka, og vi har derfor ingen fleire merknader.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Per Hallgeir Mørkeseth
seniorinspektør

Ivar Eiken
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved